LAG EI ISLYKT

21. desember er den kortaste dagen i året, og frå då av går det mot lysare tider! Lag ei islykt for å lyse opp i den mørke tida.

Du treng

- ei bytte
- ein plastkopp
- litt småstein
- litt konditorfarge eller vassmåling
- blomar, blad, konglar eller anna til å pynte med

Slik gjer du det

- Set plastkoppen nedi bytta.
- Ha småsteinane oppi koppen, slik at han held seg på plass.
- Fyll opp rundt koppen med vatn, blomar, vassmåling/ konditorfarge og resten av pynten. Pass på at det ikkje vert så mykje vatn i bytta at det renn oppi koppen.



Viss det er frost ute, kan du la bytta stå ute til vatnet er frose. Viss det er plussgrader, kan du ha bytta i frysaren over natta.

